

Ole Tronn Anderssen

Vår dato: 03.05.2022

Vår ref.: 202204811-2 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.: 2021/2075-4

Konsesjonspliktavurdering av bruk av Svarttjønn som vatningsvatn, Vågå kommune - tiltaket er vurdert konsesjonspliktig

Vi syner til melding frå Landbrukskontoret for Sel og Vågå kommunar av 28.02.2022 om bruk av Svarttjønn i Vågå kommune som vatningsvatn til nydyrking av jord. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slike skadar eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Orientering om tiltaket

Grunneigar ved g/bnr. 15/1 i Vågå kommune har søkt landbrukskontoret i Sel og Vågå kommunar om løyve til nydyrking av 49 daa skogmark i nærleiken av Svarttjønn i Vågå. I den forbindelse er det ynskje om å bruke Svarttjønn som magasin for vatningsvatn. Det er planlagt å bruke eit aggregat til å pumpe vatn til ei vogn på jordet ved tørt vêr.

I forbindelse med nydyrkingssaka anslår Innlandet fylkeskommune at vatning av det aktuelle arealet vil krevje 15-1600 m³ vatn per døgn og senke vasspegelen i Svarttjønn med 40 cm per vatning. Dei meiner at det dermed ikkje vil vere mogleg å oppretthalde alminneleg lågvassføring i utløpsbekken i tråd med vassressurslova § 10.

Vassuttak til jordvatning frå Svarttjønn – hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ	Ev. alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	2,3	
Middelvassføring	l/s	19,8	
Alminneleg lågvassføring	l/s	11,7	
Planlagt minstevassføring	l/s	1,3	
VASSDRAGSANLEGGET			
Inntak	moh	476	
Areal på inntaksmagasinet	m ²	4000	
Vatningsbehov	l/s	18,5	



Høyring

Meldinga reknast som tilstrekkeleg opplyst utan høyring.

NVE si vurdering

Hovudregelen for uttak av vatn frå elvar og bekkar med årssikker vassføring er at minst alminneleg lågvassføring skal vere tilbake i vassdraget ved konsesjonsfrie anlegg, jf. vassressurslova § 10.

Svarttjønn har eit nedbørsfelt på 2,3 km² og NEVINA bereknar middelvassføringa til 19,8 l/s. Viss det skal takast ut 1600 m³ vatn per døgn til vatning utgjer dette i snitt 18,5 l/s og omtrent heile middelvassføringa eller tilsiget til Svarttjønn. Det betyr at berre 1,3 l/s eller 10 % av alminneleg lågvassføring vil vere tilbake i utløpsbekken ved vatning i tørre periodar. Ifølgje Innlandet fylkeskommune vil vasstanden i Svarttjønn bli senka med om lag 40 cm/døgn viss det blir teke ut vatn i ein periode utan tilsig. NVE er einige med Innlandet fylkeskommune i at utløpsbekken vil kunne gå tørr ved vatning.

NVE meiner at prosjektet slik det er skildra er i konflikt med § 10 i vassressurslova og dermed kan påverke allmenne interesser negativt. For at NVE skal kunne pålegge avbøtande tiltak må prosjektet konsesjonsbehandlast.

NVE har ikkje vurdert andre verknadar av vassuttaket sidan tiltaket er i strid med vassressurslova § 10, og dette automatisk utløyser konsesjonsplikt.

NVE sitt vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at tiltaket treng konsesjon etter vassressurslova § 8 .

Når det gjeld krav til innhald og forklaring av saksgangen i ein konsesjonssøknad, sjå NVE sine heimesider på www.nve.no/konsesjoner.

Før endeleg søknad vert sendt inn, ber vi om at eit komplett søknadsutkast vert sendt inn for kvalitetskontroll til nve@nve.no eller per post til Noregs vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstuen, 0301 Oslo.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.



Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

Ole Tronn Anderssen

Kopimottakarliste:

VÅGÅ KOMMUNE

STATSFORVALTEREN I INNLANDET

INNLANDET FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.